

Referat frå Inn på tunet tur 7.03.2019.

Birte Larsen Strutsefarmen, Miljøarbeidar Ortun Skule.

Garden er på 63 mål. Er tilsett i kommunen.

Ein brukar garden som pedagogisk resurs.

Samarbeider med skolen. Skolen sin gard. Alle elevar skulle fått opplevd dette.

Råd til skulane frå Birte:

Tilsett ein bonde. Tenk på samfunnskostnaden for dei som ikkje fungerer i samfunnet og ikkje kjem seg i arbeid. Psykisk helse betalar husleige. Ro trygghet og medmenneskelighet.

Ein av gutane, hadde så mykje å gje men ingen og gi det til før han kom her.

Startar dagen med frukost, diskuterer samfunn, politikk og geografi. Arbeider, så er det felles lunsj.

Skule i samarbeid med PPT. Skulen står fritt til å bruka skulen som læringsarena.

Det er tydeleg at desse elevane forbetrar seg på skulen.

Slakting.

Ut i naturen.

Snekring.

Hinderløype.

Vedhogst.

Baking.

Lage lunsj etter oppskrifter.

Gå og handle.

Laga ein gapahuk. Platting av brustein, rekna ut kor mange steinar.

Lære og komme presis- har veldig lite fråvær.

4 elevar heile året.

Nærheit til dyr, relasjonsbygging.

Mange manglar kjærleik frå heimen. Dei får derfor mykje ut av nærleik med dyr. Dei lærer og få ansvar.

Får gode tilbakemeldingar frå foreldre.

Alt arbeidet er reelt arbeid, ikkje oppkonstruert. Jobben som bonden har. Halde det reint og triveleg hos dyra. Har fagleg tilknytning til det dei lærer. Teller og sel egg. Pris moms og vekt.

Barna/ ungdommane lærer best når dei ikkje veit at dei lærer. Det finnes masse spørsmål og svar ute i naturen.

Har lite fråvær.

2 av elevane er på skulen ein dag pr. veke og det er her.

Har hatt KSL revisjon, ingen skader.

Leitet gard. Grethe Dale og Kristoffer Lie.

Begynte med 1 gut, fekk godt resultat.

PPT tilviser ungane til oss.

½ dag 08:30 – 11:30

½ dag 12:00 - 14:30

5 før middag og 3 etter lunsj.

Elevane lagar lunsj, må lage alt sjølv. Dei har ei sjekklister for dette. Dei handlar i samband med det dei har på menyen.

Elevane har mange utfordringar, angst, skule vegring og åtferdsproblem. Har ikkje åtferdsproblem på garden, men på skulen.

Korleis tar dei med seg lærdom tilbake til skulen, ½ dag gjer mykje for resten av veka.

Elevane skriv rapport kvar dag. Eg brenner veldig for dette. Åtferda er annleis her enn på skulen, her er dei snille, finn seg venner. Alt er positivt me skulle hatt fleire plassar. Alle spå skulen skulle vore innom ein gard.

Gerd frå HIB er god på dette. Viktig at kommune vil og setter seg inni kva nytte dette har.

Kristoffer leiger ut garden til kommunen. Hanne jobbar hos Kristoffer som bonde. Skulen brukar garden 3 dagar barnehagen 2 dagar. Foreldre kan komma på besøk om dei vil.

(Fjell) Kommunen ville kutte på leitet gard, det vart det einaste kuttet som ikkje gjekk gjennom.

Kristoffer: Det kostar og bli samfunnstapar for elev og samfunnet. Brukarar kjem igjen etter fleire år med kone og barn og takkar for hjelpa dei fekk. Veldig kjekt at så mange blir flinke arbeidsfolk og stiftar eigen familie.

Ulveseth-tunet aktivitetsgard.

<https://www.bt.no/nyheter/okonomi/i/BG4E0/fraa-skulebenken-og-inn-paa-tunet>

[Bergen Kompetansesenter for Læringsmiljø.](#)

Arne Nordlid. Arne.Nordlid@bergen.kommune.no

Talet på elevar som vegrar seg for å gå på skule aukar. Mange av desse er flinke elevar. Hos oss får dei trafikalt grunnkurs og moped opplæring.

Me brukar [Olavsgård på Lindås](#), her får elevane relasjon med dyr.

Meistringsfølelse.

Stelle av dyr, klipping av dyr, føring, snekker arbeid, sveising, maling, murar arbeid, jule verkstad, matlaging, padling, fiske, skogsarbeid og vedkløyving.

Relasjonar. (relasjonsskade).

Gjennomgang av arbeid.

Angus Aberdeen kyr, ute sommar og haust, inne om vinteren.

Stillheita i fjøset etter føring.

Laga hefte om kyr, og frå lam til sau. Hønsehold.

Matteoppgåver, mange mogelegheiter på garden.

Det blir skapt mange gode relasjonar. Elevane stiller kvar dag og får gode relasjonar til kvarandre. Garden gir ein trygghet som gir ein betre kvardag når ein er på skulen igjen.

Olavsgård har læreplanar med kompetansemål.

- Praktisk matematikk på garden.
- Hønsehald på Olavsgard.
- Frå lam til sau.
- Lokal læreplan for Olavsgård.
- Korleis kalven blir til kvige ku og okse.
- Logger for arbeid.

[Gerd Grimseth, Høgskulen på Vestlandet.](#)

Nasjonale veileder

Inn på tunet

- garden som læringsarena for barn og unge.

Tilpassa undervisning på eit aktivt gardsbruk.

Faglege og sosiale læremål innafor læreplanmål.

Samarbeid mellom skule og IPT garden.

Inn På Tunet garden er ikkje eit alternativ til skulen. Garden er ein del av skulen.

Ein får meistring og motivasjon.

Læringsarenaer:

Garden.

Nærområdet.

Museer- Vil vite.

Fjell og skogtur.

Leirskule.

Dei elevane som fell utanfor gjer det ikkje på grunn av manglande intelligens. Dokumentere med statlege føringar og kva resultat som er bevist.

Det er ikkje lov og slutte å stille krav. (Elev sov seg gjennom 3 år på skulen)

Norge brukar 10 milliardar til spesial undervisning, dette fungerer ikkje. Korleis kan det skje at eit system som ikkje leverer får helde fram utan endring. Det er uetisk og halde fram med tiltak som ikkje fungerer.